Betel Søndagskule
Arvid Valdersnes
5939 SLETTA

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Bente Kopperdal Hervik | 05.11.2015 |
| Vår: 15/1486 - 15/12876 | bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no | |

# Kulturdagane 2016 - referat frå planleggingsmøte og avklaringar

## Referat frå planleggingsmøte med lag og organisasjonar 29. september

Følgjande personar møtte: Einar Borgund og Gro Borgund frå Radøy sogelag, Silje Røynstrand frå Hordabø skulemusikklag, Elin Klausen frå Radøy musikkråd, Roger Gjerstad frå Radøy Kunst Senter, Geir Olav Repål og Silje Namtvedt frå Radøy mållag, Bjørn Ove Myking frå Radøy idrettsråd, Arne Villanger frå Radøy eldreråd og Linda Grindheim frå Mental helse og Radøy revmatikarlag. Frå arbeidsgruppa for kulturdagane møtte Bente K. Hervik og Anne Elisabeth Waage.

**Periode og lengd**
Det var semje på møtet om at april var rett tidspunkt for kulturdagane. Kulturdagane må vera avslutta seinast helga 24. april. Helga etter byrjar konfirmasjonane, både i kyrkja og borgarleg i Knarvik.

Det var stor sprik i gruppa med tanke på kor lenge kulturdagane bør vara. Nokon meinte at dei burde gå over nokre få dagar, kanskje berre ei langhelg, medan andre ville at dei skulle strekka seg over ein månad. Då slepp arrangementa konkurrera i så stor grad mot einannan, og ein kunne la utstillingar m.m. henga over ein litt lengre periode.

**Tema og arrangement**
Det var ikkje steming for eit spesielt tema eller ein raud tråd for kulturdagane. Ein meinte at dette ville kunna avgrensa aktivitetar i for stor grad.

Forslag til arrangement som vart nemnd i møtet:
- Ut i naturen: tur til Vågsbotn og den gamle skytebana på Sæbø
- Laga film
- Hobbyutstilling: kva driv du med?

- Radøy sogelag: Bogatunet, det store sildekastet, samarbeid med skuleklasse
- Radøy Kunst Senter: skapa ting og dokumentera dette
- Profilering av Åse Eriksen
- Kulturminnevandring på Solheimsåsen
- Radøy damekor: 60-talsmusikk
- Hordabø skulemusikklag: Hyllest til livet og kjærleiken i Radøyhallen
- Radøy musikk- og kulturskule: Unge solistar
- Biblioteket: arrangementsrekke
- Radøy mållag: utstilling av bilete evt samarbeid med biblioteket, konsert med Daniel Kvammen, kunnskapstevling
- Radøy Kunst Senter: større bilete ut i samfunnet for eksempel strilane si rolle i samband med grunnlova, fredssymbol. Kunstsenteret har seinare kome med fleire innspel til innhald i kulturdagane. E-posten frå Roger Gjerstad ligg ved dette brevet.
- Motbakkeløp og barneløp
- Chilensk dans
- Internasjonal kafé
- Biblioteket: «lån eit menneske» → oppstart i kulturdagane?
- Dansekurs for born
- Rotur til Øygarden i samband med det endelege «brotet» med Manger prestegjeld.
- Linda Eide til Radøy?
- Utdeling av kulturprisen
- Landbruk og kulturlandskap: open gard?
- Fokus på havbruk?
- Mat frå naturen: kan me få kokkar til å laga mat frå naturen?
- Debattkveld i biblioteket

## Avklaringar etter planleggingsmøtet

Arbeidsgruppa har i møte 28. oktober bestemt at kulturdagane 2016 vert arrangert i perioden **8.-22. april 2016**. Me har då tatt omsyn til at mange meinte 10 dagar, slik som i 2012, var for lite, samstundes som at administrasjonen i kommunen ikkje kan binda opp ressursar i ein for lang periode.

Arbeidsgruppa er samd i at tema eller raud tråd kan verka avgrensande for kulturdagane, og ynskjer at alle skal finna rom for å kunna bidra med sine ting. Det er likevel viktig at arrangement under kulturdagane tilbyr noko ekstra, og er med på å løfta kvaliteten på kulturdagane i Radøy.

**Kva kan kommunen bidra med?**

Radøy kommune bidrar med følgjande:

- Koordinering av arrangementa. Laga sjølve må stå for gjennomføring av eigne arrangement.
- Marknadsføring: Det vert delt ut program til alle husstandar. Me vil elles marknadsføra alle arrangementa på våre nettsider og på facebook.
- Råd og rettleiing
- Hovudansvar for opningsarrangementet, avsluttingsarrangementet og nokre andre arrangement.

Det er endå usikkert kor mykje midlar som vert sett av til kulturdagane, men slik det ser ut, vert det ikkje midlar til fordeling mellom laga.

**Vegen vidare**
Arrangement som skal vera med i kulturdagane må meldast inn til Bente K. Hervik **seinast 17. januar**, men gjerne før. Send ein e-post til bente.hervik@radoy.kommune.no eller ta kontakt med tlf 56 34 90 12. Etter kvart som me får meld inn arrangement, vert desse lagt inn i ein google-kalender som me vil nytta til planlegging. Denne kalenderen finn de her:
https://calendar.google.com/calendar/embed?src=onidivcfum70j3608ctnn4cvag%40group.calendar.google.com&ctz=Europe/Oslo

Etter 17. januar vil ei programnemnd med arbeidsgruppa, representanar for musikkrådet, idrettsrådet, eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet samlast for å gå gjennom programmet.

Programmet vert sendt til trykking i midten av mars, og vert distribuert til alle husstandar i slutten av mars.

Me håpar på mange gode idear og kreative forslag til arrangement! Ta gjerne kontakt om de har innspel eller spørsmål! Lukke til med planlegginga!

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Innspel frå Roger Gjerstad

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Betel Søndagskule | Arvid Valdersnes | 5939 | SLETTA |
| Dale grendahus | | | |
| Halland, Sævdal og Lauvåsen vel v/Monica Grindheim | Sævdalsvegen 4 | 5936 | MANGER |
| Hella bedehus | Steinar Vågenes | 5936 | MANGER |
| Hordabø barnekantori | Sølvi Kvalheim Mjøs | 5937 | BØVÅGEN |
| Hordabø Idrettslag v/Frode Myking | Radøyvegen 2975 | 5937 | BØVÅGEN |
| Hordabø Mini- og barnekantori | Sølvi Helen Kvalheim Mjøs | 5937 | BØVÅGEN |
| Hordabø skulemusikklag | | | |
| Hordabø ungdomslag | | | |
| Keipane Kystlag | | | |
| Knappen båtlag | | | |
| Kolstad krinslag | | | |
| Kristen Idrettskontakt -KRIK | Heidi Soltvedt | | |
| Kyrhovden velforening | | | |
| Manger Bygdelag | Odd Matre | 5936 | MANGER |
| Manger grunneigarlag | | | |
| Manger Helselag | Bjørg Tveiten Skiftesvik | 5936 | MANGER |
| Manger Idrettslag | Odd Helge Hagen | 5931 | MANGER |
| Manger indremisjon | Hellandsvegen 269 | 5936 | MANGER |
| Manger In-Puls - Manger Bedehus | Elna Bauge | 5936 | MANGER |
| Manger kvinne og familielag v/Astrid Hagen | Mangersnesvegen 56 | 5936 | MANGER |
| Manger Musikklag | Nils-Arne Træland | 5931 | MANGER |
| Manger Old Star Brass v/Vigdis Villanger | | 5937 | BØVÅGEN |
| Manger Skulemusikklag | Postboks 50 | 5931 | MANGER |
| Manger Ungdomslag | Raymond Stordal | 5931 | MANGER |
| Marøy grendalag v/Snorre Marøy | | 5937 | BØVÅGEN |
| Marås 4H | Bjørg Konglevoll Lunde | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Marås Grendalag v/Terje Halland | Lervikvegen 30 | 5936 | MANGER |
| Menigheten Filadelfia Manger | | | |
| Mental Helse Radøy/Austrheim | Wenche Frantzen | 5936 | MANGER |
| Naturvernforbundet i Nordhordland v/Jan Nordø | | 5943 | AUSTRHEIM |
| Nedre Storheim/Kalnes Bygdelag | Grethe Storheim | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Nordanger Gardsmuseum | Johannes Birkeland | 5939 | SLETTA |
| Nordanger Grendahus | Nedre Soltveit 56 | 5939 | SLETTA |
| Nordanger Indremisjon | Hogne Straume | 5939 | SLETTA |
| Nordhordland Husflidslag v/Arild | Postboks 42 | 5936 | MANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hagenes | | | |
| Nordhordland Jakt og Fiske v/Oddmund Solbakken | | 5903 | ISDALSTØ |
| Nordhordland lag av hørselhemmedes landsforbund v/Rune Eikeland | | 5918 | FREKHAUG |
| Nordhordland seilforening | | | |
| Nordhordland Turlag | Øyvor Larsen | | |
| Nøtlevåg meieri | | | |
| Olsvoll Bedehus | Else Marie Dale | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Pinsemenigheten Betel | Olav Martinsen | 5939 | SLETTA |
| Radøy Bondelag | Bjørnar Floen | 5939 | SLETTA |
| Radøy brass | | | |
| Radøy damekor | | | |
| Radøy Hestesportklubb v/Kari Kvammen | Toskavegen 492 | 5936 | MANGER |
| Radøy Idrettslag | Olav Steinar Namtvedt | 5939 | SLETTA |
| Radøy Idrettsråd | Bjørn Ove Myking | 5937 | BØVÅGEN |
| Radøy Kunst Senter | Roger Gjerstad | 5937 | BØVÅGEN |
| Radøy lag for funksjonshemma | Marlen R. Rikstad | 5936 | MANGER |
| Radøy Lag LHL | Berit Kvalvik | 5936 | MANGER |
| Radøy Motorsamling | Guttorm Storheim | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Radøy musikkråd | | | |
| Radøy mållag | | | |
| Radøy Old Boys | | | |
| Radøy Pensjonistlag v/Arne Villanger | Rossnesvegen 361 | 5937 | BØVÅGEN |
| Radøy RC Gruppe v/Thomas Byrkjeland | Solendvegen 1 | | |
| Radøy Revmatikarlag v/Wenche Soltveit | Radøyvegen 1747 | 5936 | MANGER |
| Radøy sau og geit | Ivar Solveit | 5936 | MANGER |
| Radøy Skyttarlag v/Kornelius Manger | Radøyvegen 1737 | 5936 | MANGER |
| Radøy Sogelag v/Einar Borgund | Einar Borgund | 5936 | MANGER |
| Radøy sportsskyttarlag v/Kornelius Manger | Radøyvegen 1737 | 5936 | MANGER |
| Radøy Symjeklubb | | | |
| Radøy sør grunneigarlag | | | |
| Radøy ungdomsråd | | | |
| Radøy/ Manger Fotballklubb | Arne Askeland | 5931 | MANGER |
| Rikstad Bedehus v/Per Bjørkhaug | Nordre Villanger 40 | 5937 | BØVÅGEN |
| Risnes Grendalag | Tore Villanger | 5937 | BØVÅGEN |
| Risnes grunneigarlag | | | |
| Rockeverkstaden Radøy | Bjørn H Bendiksen | 5936 | MANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| ungdomsskule | | | |
| Rufy - Fritidsgruppa | Gro Borgund | 5936 | MANGER |
| Seilfaldet velforening | | | |
| Skagenesets venner | | | |
| Sletta Bygdelag | Kåre Stang | 5939 | SLETTA |
| Songlaget Alvidt/Manger | Rigmor Korneliussen | 5914 | ISDALSTØ |
| Storhaugstova v/Mariann Lie Drivenes | Toska | 5936 | MANGER |
| Strileknekten B.L | Rune Tjore | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Sæbø Barnekor | Heidi Marås/Irmelin Hordvik | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Sæbø Skulemusikklag | | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Sæbø Ungdomslag | Øystein Marås | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Sætre Grendalag | Gerd Helen Bøe | 5936 | MANGER |
| Tjorehagen | | | |
| Vestnorsk utvandringssenter | | | |
| Vetås Bygdelag v/Arvid Storheim | | 5938 | SÆBØVÅGEN |
| Vågenes Bedehus "Soar" v/Kåre Vågenes | Vågenesvegen 138 | 5936 | MANGER |
| Radøy sokn | | | |
| Manger folkehøgskule | | | |
| Skjærgårdsfisk visningssenter | | | |
| Radøystova | | | |